

## Diskuterte kollektivtrafikk med Johnsen

**Finansministeren** vil halde kontakten med deltakarane på ein nasjonal ungdomskonferanse.

TONJE MERETE THO  
tmt@hallingdolen.no

Denne veka fekk Gunder Trommald frå Flå og 50 andre ungdommar frå heile landet luften tankane sine

for finansminister Sigbjørn Johnsen (Ap).

Ungdommane deltok på ein nasjonal konferanse i Oslo for nettopp å diskutere utfordringane Norge møter framover.

### Samde om miljø

Trommald, som sit i Flå ungdomsråd, var i likskap med mange andre distriktsungdommar oppteken av at kol-

lektivtilbodet er dårleg utanfor byane.

– Dersom me skal spare miljøet må det bli lettare å reise kollektivt, meiner Trommald, som fortel at finansministeren var einig.

### Lærerikt

– Me prata også om at velferdsstaten fungerer godt nå, men når det blir fleire pensjonistar og færre i arbeidsli-

vet blir det nye utfordringar, fortel Gunder Trommald.

Flåværingen, som er avgangselev på Gol vidaregåande skule, tykkjer konferansen var nyttig og lærerrik.

Interessant var det også tydelegvis for Sigbjørn Johnsen som vil halde kontakten med ungdommane, blant anna gjennom ei facebook-gruppe.



**GODT MØTE:** Finansminister Sigbjørn Johnsen (Ap) lytta til det Gunder Trommald og dei andre ungdommane kom med. (FOTO: LARS SVANBERG JAKOBSEN)

# Villrein inn i buområdet

■ Ny plan kan bandlegge store areal

Den nye villreinplanen for Nordfjella er i ferd med å sende sjokkbølger inn i Ål. Ordførar Ivar Brevik er både oppgitt og bekymra.

HÅVARD FOLKEDAL  
hf@hallingdolen.no

Planen er førebels under utforming og blir endeleg vedteken mot slutten av neste år. Eit utkast er no på høyring og har allerede vekt uro i Ål.



**BEKYMRA ORDFØRAR:** Ivar Brevik studerer kartet som viser at utgreiingssona i villreinplanen kjem heilt ned i busetnaden i Vats og Leveld.

### Bekymra ordførar

Det som skaper bekymring er ei såkalla utgreiingssone. Denne er mykje meir omfattande enn den noverande randsona i tilknytning til villreinområdet i Nordfjella. Sona som ifølgje planprogrammet skal greiast ut, er så brei og strekkjer seg så vidt at ei heil rekke stølslag blir berørt. Sona omfattar også barskogområde og dekkjer dessutan etablerte og planlagde hyttefelt.

Ordførar Ivar Brevik (Sp) ristar oppgitt på hovudet. I enkelte område av Nordbygdene kjem grensa for utgreiingssona heilt ned i busetnaden med hus og gardar. Den omfattar store område av fjellet i Vats, Leveld, Votndalen og Torpo.

### Blir endra

– Eg trur ikkje at forslaget til grenser blir ståande slik det er. Men all den tid sona skal liggja til grunn for planarbeidet, må ein rekne med begrensingar i bruken av dei berørte areala. Det er også eit problem at ein ikkje veit kva slags restriksjonar det er snakk om, seier Brevik.

– Er det framtidig hyttebygging du er mest bekymra for?

– Nei, ikkje spesielt. Det eg kanskje tenkjer aller mest på er begrensningane ei slik sone fører med seg for stølsdrifta. Ål er framleis ein aktiv stølskommune. Slik saka står, er det også ein risiko for restriksjonar når

Det er også eit problem at ein ikkje veit kva slags restriksjonar det er snakk om.

IVAR BREVIK,  
ORDFØRAR I  
ÅL KOMMUNE

det gjeld skogsdrifta, seier ordføraren.

### Dalseide med

Han oppmodar grunneigarar, stølslag og andre til å koma med innspel til Ål kommune innan 1. mars. Ordføraren vil deretter leggja saka fram for kommuneplanutvalet (formannskapet) med sikte på å vedta ein høyringsuttale før utgangen av mars. Denne vil så gå vidare til styringsgruppa for planarbeidet.

Av plandokumentene går det fram at utgreiingssona skal vera ein del av planprogrammet og skal såleis liggja til grunn for arbeidet. Dette må også styringsgruppa på 17 personar halde seg til. Her er Ivar Brevik medlem i eigenskap av nyalvd ordførar i Ål. Forgjengaren i ordførarstolen, Torleif T. Dalseide (V) sat der tidlegare. Han var ifølgje Brevik til stades på eit møte 22. august i fjor august, der styringsgruppa gjorde ved-

tak om omfanget av utgreiingssona i Ål.

### Veit ikkje

Føremålet med utgreiingssona er å sikre nok areal utanfor sjølve villreinområdet planen skal omfatte. Ei slik sone vil ikkje ha juridiske konsekvensar for vedtekte planar, verken når det gjeld kommuneplan eller vedtekte reguleringsplanar. Men for framtidige planar får den følgjer, utan at nokon i dag veit kvar det blir.

Brevik peikar på at dette skaper ny uvissheit, berre kort tid etter at Ål kommune vedtok arealdelen i kommuneplanen. Der er villreinområdet i Nordfjella innpassa og likeins randsona, der restriksjonane er mindre strenge enn innanfor.

– Eg er stolt over det me fekk til med kommuneplanen, seier Brevik.

### Likar dårleg

Sjølvt likar han det dårleg at grensene når det gjeld villreinens leveområde på nytt fjelltema. Det skaper ny bekymring for framtida for dei som driv næring i dei berørte fjellområda. Han opplyser at kartet med den nye utgreiingssona er komen frå plansekretariatet i Buskerud fylkeskommune. Ein viktig premissleverandør for grensedraginga er ein NINArapport frå 2011. Denne tek for seg villreinens trekkmonster over tid.

### INNANFOR GRENSA:

Kaslegard i Vats kjem innanfor den foreslåtte vurderingssona for villrein.

(FOTO: SIGMUND KRØVEL-VELLE)



## Bonde og villreinforvaltar: – Trekk ytt

– Det vil vera klokt å dra yttergrensa for vurderingssona noko lenger inn i fjellet, gjerne i samarbeid med lokale villreinfolk.

Det er Sigmund Tveitehagen som seier dette. Han er forutan å vera bonde i Votndalen, nestleiar i villreinutvalet for Nordfjella. Han er leiar i Ål fjellstyre og leiar i grunneigarlaget for villreinvalda i Ål. Ved å justere yttergrensa for denne sona ville ein få det

Tveitehagen kallar ei meir fornuftig avgrensing.

– Slik denne grensa er trekt i plandokumentet, verkar dette provoserande, meiner han.

### Reaksjonar

Når det gjeld den indre grensa mot sjølve villreinområdet, er han klar på at denne må få stå som ho er i forslaget.

Saka som gjeld den regionale villreinplanen for Nordfjella, er no ute på høyring. Tveitehagen reknar med at det vil koma innspel der som går på vurderingssona i pla-